



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

ABLU-BACH15

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	18-05-2018 09:00	<b>Termin:</b>	2018 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	25-05-2018 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave	<b>Studiepoeng:</b>	15
<b>SIS-kode:</b>	203 ABLU-BACH15 1 BOPPG 2018 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	Sissel Janette Aastvedt Halland		

### Deltaker

<b>Navn:</b>	Vigdis Totland Kippersund
<b>Kandidatnr.:</b>	33
<b>HVL-id:</b>	136954@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i frileiken i ei 0-6 årsauddeling?	
<b>Antall ord *:</b>	9984	
<b>Navn på veileder *:</b>	Sissel J. Aastvedt Halland	
<b>Tro- og loverklæring *:</b>	Ja	

Jeg bekrefter at jeg har Ja  
registrert oppgavetittelen  
på norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i frileiken i ei 0-6 års avdeling?

How are the youngest children heard during unorganized free play in a 0-6 year old department in kindergarten?

**Fullt namn: Vigdis Totland Kippersund**

Namn på bachelorprogrammet: Arbeidsplassbasert  
Barnehagelærerutdanning-Bacheloroppgåve15  
Fakultet/Institutt/program: Fakultet for lærerutdanning, kultur  
og idrett, studiestad Stord  
Rettleiar: Sissel J. Aastvedt Halland  
Innleveringsdato: 25.05.2018

## Føreord

No er eg ved vegg ende av utdanninga mi til å verte barnehagelærer. Fire år har gått og det har vore ei fantastisk, strevsam, utfordrande, krevjande, spennande og lærerik reis. Fjella undervegs har vore høge og bratte, men eg har komme meg over, allereie på andre sida er det verste strevet gløymt. I denne oppgåva set eg fokus på noko som opptar meg særskilt, dei yngste barna og det at alle barn må verte høyrte og møtt.

På vegen har eg møtt utruleg mange flotte menneske, små og store. Nokre av desse har trampa inn i hjarta mitt og sett store spor, spor som har forma meg og vore med på å utvikle meg som barnehagelærer og menneske. Eg har møtt lærarar, praksislærarar og kollegaer som har vist eit stort engasjement i møte med både meg og faget. Eg har fått erfare praksis der liv og læra heng tett saman, eg har fått erfare vaksne som gjer ein stor forskjell i barn sitt liv og eg har møtt mange barn som har lært med mykje med å vere den dei er. Eg vil takke barnehagen min og høgskulen HVL som gjennom Ablu-studiet har lagt til rette for at eg har kunna ta barnehagelærerutdanning samstundes som eg har jobba, ein god kombinasjon for meg.

Eg er takknemleg for alt eg har fått oppleve desse åra, eg tok ein ny veg i yrkeslivet og har ikkje angra ein einaste dag. Eg må takka mannen min, Bjørn Roar, spesielt. Du har støtta meg, heia på meg og hjelpt meg i ein travel kvardag. Ikkje minst har du lest og rettleia meg i alt eg har skrive og streva med. Takk til Tiril, Bastian og Sivert, eg er heldig som får vera mor dykkar. Alt me har opplevd, erfart og lært saman har komme godt med i møte med alle barna, barnehagen og all ny kunnskap.

Mosterhamn 10 mai, 2018

Vigdis Kippersund

## Samandrag

I denne bacheloroppgåva mi har eg fokus på dei yngste barna i barnehagen. Eg er oppteken av at barnehagen skal møte desse barna på ein best mogeleg måte. Problemstillinga mi er:

Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i frileiken i ei 0-6 års avdeling? Dette er eit spørsmål eg finn interessant og relevant i barnehagen, då andelen av dei yngste barna i barnehagen er større enn nokon gong. Teorien eg presenterer i oppgåva er mellom anna henta frå fordjupinga *Dei yngste i barnehagen*. Teoriane til Løkken, Abrahamsen, Drugli, Bae og Greve vil stå sentralt. Eg viser også til styringsdokumenta og tidlegare forskning.

Eg har valt kvalitativ metode og observasjon. Observasjonane vart gjennomført i ei 0-6 års avdeling der rammene var frileiken. Eg observerte over fleire dagar, til saman ca. 4 timar.

Under observasjonane følgde eg tre av dei yngste barna og observasjonane vert presentert som små narrativ.

Eg fann tre tydelege funn i analysen av observasjonane mine. Desse funna skildrar eg med små narrativ, funna er *På vandring*, *Under radaren* og *Eg treng deg*. Konklusjonen av desse funna er at frileiken på ei 0-6 års avdeling ikkje er ei ramme der dei yngste barna i barnehagen vert høyrte og møtt i den grad dei har rett på. Periodane med frileik har ikkje rammer som legg til rette for at dei yngste barna kan vera ein del av eit haldande miljø saman med sensitive, nære vaksne.

## Summary

I am focused on the youngest children in kindergarten in this bachelor assignment. I feel it is of great importance that the kindergarten should meet these children in the best way possible. My question is: How are the youngest children heard during unorganized free play in a 0-6 year old department in kindergarten? This is a very interesting and relevant question for me as the share of young children in kindergarten are higher than ever. The theory I am presenting in this assignment are amongst others from the special assignment “Dei yngste i barnehagen” (The youngest in kindergarten). The theories of Løkken, Abrahamsen, Drugli, Bae and Greve will be essential. I also refer to the kindergartens’ management documents as well as earlier research on the topic.

I have chosen qualitative methods with observation. The observations were performed in a 0-6 year old department where unorganized free play were the framing for it. The observations were done over several days, round about 4 hours in total. During the observations I followed three of the youngest children, and the observations will be presented as small narratives.

In my analysis of my observations I registered three solid findings. These findings are told by small narratives called *på vandring* (restless), *under radaren* (below the radar) and *eg treng deg* (I need you). The conclusion to these findings are that unorganized free play in a 0-6 year old department are not at all frames to where the youngest children is heard or met in a way they should. The periods of unorganized free play does not have frames supporting the youngest children as part of a containing environment together with sensitive and close adults.

# Innhald

1. Innleiing .....	7
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	7
1.2 Problemstilling og omgrepsforklaring.....	7
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	8
1.4 Tidlegare forskning .....	8
2. Teori .....	10
2.1 Styringsdokument.....	10
2.2 Syn på barn.....	10
2.3 Personale –barn relasjon.....	11
2.4 Tilknytning i barnehagen.....	12
2.5 Dei yngste barna sin leik .....	13
2.5.1 Leikegjenstandar.....	14
2.5.2 Vandring.....	14
2.7 Kvalitet .....	15
3. Metode.....	17
3.1 Val av metode.....	17
3.2 Observasjon som forskingsmetode.....	17
3.2.1 Samspelsobservasjon.....	18
3.2.2 Levd observasjon.....	18
3.3 Min forskingsprosess.....	19
3.4 Etske perspektiv .....	20
3.5 Validitet.....	20
3.6 Analyse og min analyseprosess .....	21
4. Drøfting av funn .....	23
4.1 På vandring.....	23
4.2 Under radaren .....	25
4.3 Eg treng deg.....	27

5. Avslutning og konklusjon .....	31
Kjeldeliste.....	33
Vedlegg .....	36
Vedlegg 1. Samtykkeskjema til foreldre .....	36
Vedlegg 2. Samtykkeskjema til Styrar og barnehagen.....	37

# 1. Innleiing

I denne bacheloroppgåva er det dei yngste barna i barnehagen eg har valt å ha fokus på. Eg vil ved hjelp av observasjonar i ei aldersblanda barnegruppe sjå på korleis dei vert lytta til i frileik. Styringsdokumenta legg rammer for arbeidet vårt i barnehagen og eg vil sjå problemstillinga i lys av dei. I tillegg vil teori frå fordjupinga *Dei yngste i barnehagen*, slik som Løkken, Abrahamsen, Drugli, Bae og Greve vera sentral. Eg nyttar også tidlegare forskning som har relevans til mi problemstilling. Funn frå eiga forskning vil eg drøfte opp mot teori og slik finne moglege svar på problemstillinga.

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Eg kjenner eit spesielt engasjement for dei yngste barna i barnehagen. «Barns psykiske og fysiske utvikling, samt atferd og læring har felles tidlige røtter, nemlig det nære, gjensidige og stimulerende samspillet mellom barnet og omsorgspersonene. Det danner en grunnmur som all utvikling bygger på» (Drugli, 2017, s. 16). Eg er oppteken av at barnehagen skal møte alle barn og foreldre med kvalitet. Eg er også oppteken av at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal leggje til rette for at barna har eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 37).

Med dette som bakgrunn ynskjer eg å sjå på problemstillinga: Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i frileiken i ei 0-6 årsavdeling?

## 1.2 Problemstilling og omgrepsforklaring

Problemstillinga ser eg som interessant og spennande, for eigen del, men også for barnehagar og eigarar som har ei slik organisering av barnegruppene. I problemstillinga mi er det fleire omgrep eg ynskjer å utdjupe. Å verte høyrte, dei yngste barna i barnehagen, 0-6 års avdeling og frileik er omgrepa eg ynskjer å skildre nærmare. Slik eg ser det vil kunnskap om dei enkelte omgrepa gje større forståing for heilskapen i oppgåva, då desse omgrepa vil gå att gjennom heile oppgåva.

Å verte høyrte vil sei at barn skal oppleve at dei vert lytta til, at det dei uttrykkjer vert teke på alvor og har noko å seie for fellesskapet (Bae, 2006, s. 8). Med dei yngste barna i barnehagen meiner eg barn frå 0-3 år. Ei 0-6 års avdeling er her sett saman av 19 barn. På avdelinga eg observerte utgjorde det 9 barn i alderen 0-3 år og 10 barn i alderen 3-6 år. Det er 6 søskenpar på avdelinga.



I frileiken er det barnet sjølv, i stor grad, som vel kva det vil gjere, kva leikmateriale det ynskjer å leike med, kven dei er saman med og kor dei leikar. I denne perioden er alle barna samla på avdelinga.

### **1.3 Oppbygging av oppgåva**

Oppgåva mi er bygd opp av teoridel, metodedel og drøftingsdel. Fyrst presenterer eg teori som er relevant i høve problemstillinga. Den andre delen vert ein metodedel. Der seier eg noko om kva metode eg har valt og korleis eg har utført forskinga i praksis. I den tredje delen vil eg presentere funn frå observasjonane mine og drøfte desse opp mot teorien. På den måten kan eg komme til ein konklusjon på problemstillinga mi. Denne konklusjonen vil eg presentere i ei avslutting.

### **1.4 Tidlegare forskning**

Eg har søkt og leita etter relevant forskning som passar konkret til mi problemstillinga gjennom Brage og Oda. Eg fann interessante masteroppgåver som mellom anna tar for seg *Små barn og store barnegrupper*, *Dei yngste barna sin trivsel i barnehagen* og *Utvikling av trygg tilknytning hos dei yngste barna i barnehagen*, men eg finn ingen oppgåver eller forskning som svarar på mi problemstilling. Av den grunn kan mi oppgåve vere eit bidrag og ei stemme som vedkjem dei yngste barna som går i barnehagar i ei aldersblanda gruppe.

Eg finn forskning og stortingsmeldingar som seier noko om 0-6 års avdeling. Ifølge Løkken (1996, s. 145) vil det å vere saman med barn på same alder vere det som gir barna størst glede. Ho peikar på at aldersspennet vert for stort i søskengrupper, eller 0-6 års avdelingar. «Det gir verken ettåringen eller femåringen muligheter til å velge blant mange barn for å gjøre det de helst vil, nemlig å leke» (Løkken, 1996, s. 145). Bodskaen hennar er klar, det beste for barn er å vere på ein avdeling eller i ei gruppe der det er så mange jamaldrande som råd (Løkken, 1996, s. 146).

Greve, Jansen og Solheim (2014, s. 142) viser til rapporten *Alle teller mer* (Østrem m.fl., 2009). Rapporten konkluderer med at arbeidet med dei dei yngste får liten merksemd, trass dei utgjør ein stor del av barna i barnehagen. Ifølge Greve, Jansen og Solheim treng dei yngste barna stabile vaksne som er tettare på enn det dei eldre barna gjer. Dei yngste barna treng i stor grad vaksne som er lydhøyre, sensitive og merksame. Dette gode samspelet vil vanskeleg la seg gjennomføre i store barnegrupper med få tilsette hevdar Greve, Jansen og Solheim (2014, s. 142-143). Dei etterspør aldersdifferensering av barnehagen og syner til Stortingsmelding nr. 24 (2012-2013).

Studien til Vassenden m.fl. (2011) fann nokså store kvalitetsforskjellar mellom dei ulike måtane å organisera barnehagen på, utan at ein fann fasit på «draumebarnhagen». Det dei kan sei er at det er avgjerande for barnehagekvaliteten til dei yngste at dei vert sikra trygge og oversiktelege rammer. Dei treng å verte møtt med oppdatert kunnskap og erfaring i det pedagogiske arbeidet (Vassenden m.fl., sitert i Drugli, 2017, s. 34).

## 2. Teori

I dette kapittelet vil eg leggje fram teori som er relevant i høve problemstillinga mi. Teori er ifølge Dalland (2010, s. 268) eit verktøy, eit verktøy ein tar i bruk for å utvikle innsikt og for å peike på perspektiva ein går ut frå.

### 2.1 Styringsdokument

I Barnehageloven §1, formålsparagrafen, vert barnehagen sit samfunnsmandat skildra. «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehageloven, §1). Vidare står det i Barnehageloven, §1 at barn har rett til å medverke, tilpassa alder og føresetnader. Kunnskap om barn sin trivsel og allsidig utvikling skal leggje føringar for planlegginga, både for enkeltbarn og barnegruppa ifølge rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 37). Med andre ord treng ein kunnskap om dei yngste barna om dei skal få medverke i sin barnehagekvardag.

Barnehagen skal ha barna sit beste som rettesnor i alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet, dette er grunnfesta i Grunnlova §104 og FN sin barnekonvensjon art. 3, nr. 1. (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 8).

Det er barnehagen si oppgåve å bidra til at alle barn kan oppleve leik saman med andre eller aleine, leik som gjer glede, humor, spenning og engasjement ifølge rammeplanen. «Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 20).

Rammeplanen er skriven i eit sosiokulturelt læringssyn ifølge Moser (2010, s. 95). Säljsjö (2016, s. 112) skildrar det sosiokulturele perspektivet med at barnet aktivt utforskar verda, i samspel med andre menneske og omgivnaden.

### 2.2 Syn på barn

Når eg vel å lene meg på teori i denne oppgåva har eg valt å sjå dei yngste barna i lys av eit sosiokulturelt læringssyn og eg lener meg av den grunn på Løkken, Abrahamsen, Drugli og Sommer. Løkken skildrar dei yngste barna som barn som toddlarar. Omgrepet er engelsk og kan oversetjast med «den som stabbar og går». Ifølge Løkken (1996, s. 16) skildrar dette dei yngste barna sitt kroppslege særpreg, korleis toddlaren sosialt går ut og møter verda. «Hvis vi

er oppmerksomt til stede i øyeblikket, vil vi kunne legge merke til at de aller yngste lever på en litt annerledes måte i verden enn de eldre» (Bakke, 2013, s. 238).

Løkken peikar på toddlaren som kroppsobjekt. Dette menneskesynet er etablert på grunnlag av Merleau-Ponty sin filosofi, persepsjonen sin fenomenologi. Løkken (2013, s. 31) skildrar persepsjon som korleis menneske sansar og tolkar det å vere til stades i verda.

Abrahamsen sit barnesyn er meir retta mot tilknytningsteorien der dei psykologiske faktorane får stor betydning for dei yngste barna si utvikling, både sosialt og emosjonelt (Abrahamsen, 2015, s. 13). Drugli (2017, s. 6) sine teoriar føl langt på veg Abrahamsen, med fokus på relasjonar, omsorg og tilknytning.

Sommer (2014, s. 35) peikar på at menneske verken er sårbart eller resilient gjennom livet. Resiliens skildrar han mellom anna som elastisitet og evna til å tole press (Sommer, 2014, s. 32). Vidare hevdar han resiliens er situasjonsavhengig, aldersavhengig og individuelt varierende. Slik eg ser det byggjer Sommer sit barnesyn bru mellom Løkken og Abrahamsen sine teoriar om dei yngste barna. Barn er både kompetente, kroppslege, aktivt utforskande på same tid som dei er avhengig av vaksne som ser dei og støttar dei i nære relasjonar der trygg tilknytning vil danne base for vidare utvikling.

### **2.3 Personale –barn relasjon**

Drugli (2017, s. 143) hevdar at for dei yngste barna er samspelet med personalet det viktigaste momentet for at dei skal ha det bra i barnehagen. «Samspill mellom personale og barn som er preget av både god organisering, nærhet, omsorg og varme, og stimulering, mestring og læring er per definisjon barnehagekvalitet for de yngste barna» (Pianta, Downer og Hamre, sitert i Drugli, 2017, s. 143). Dei ser personalet som den viktigaste ressursen til barnehagen.

Ifølge Levinas (sitert i Johannesen, 2012, s. 91) er det å møte den andre sitt uttrykk noko me kan sjå både som ei plikt og som næringsgivande til sjølve livet. Bakke (2013, s. 244) hevdar den merksame vaksne høyrer at dei yngste barna seier mykje, sjølv utan ord.

Åberg peikar på det å lytte til barna, den vaksne må trene opp høyrestyrken sin. Om ein lyttar nøyte til barna og brukar deira tankar som utgangspunkt vil ein kunne skape meningsfulle, interessante og spennande opplevingar for barna. Leggje til rette innhaldet og slik skape spennande møter for læring (Åberg, 2006, s. 96).

Samspelet mellom barn og vaksne kan medføre augeblikk som kan forandre, både i positiv og negativ retning hevdar Stern (sitert i Abrahamsen, 2015, s. 22). Ifølge Stern (sitert i Haugen,

2013, s. 52) utviklar ein sjølv i samspel med andre, gjennom kommunikasjon. Bae lyfter fokuset på at barna må få ei medverkande rolle i samspelet. Ho peikar og på å møte barnet som subjekt, vere nær og anerkjennande i møtet, slik kan barnet utvikle positiv forståing av kven det er og kva verdi det har (Bae, 2016). Ifølge Rutter er gode relasjonar det som betyr mest for barn si helse og utvikling (sitert i Drugli, 2017, s. 147).

Eit positivt klima på avdelinga vil fremje gode relasjonar mellom personalet og barna ifølge Drugli (2017, s. 167). Ho hevdar ei føresetnad for å utvikle gode relasjonar at personalet er der barna er, på golvet, ved bordet, i sandkassen, merksam til stade i samspel.

Personalet skal vere lydhøyr kva barn uttrykkjer, noko som gjeld meir enn verbal kommunikasjon. Ein skal møte alle barna på ein open, varm og omsorgsfull måte, møte barnet med anerkjening og interesse og leggje til rette for at barnet kan knytte seg til kvarandre og personalet. Dette er i følgje rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19) nokre viktige sider ved omsorg. Tholin (2013, s. 19) peikar på at omsorgsomgrepet inneheld både fysisk og psykisk omsorg. Omsorg er noko me skal strekke oss mot på same tid som me er pålagt å utføre omsorg. Drugli (2017, s. 145) viser til at omsorgsomgrepet og gode relasjonar har mykje til felles. I følgje Tholin (2013, s. 20) må ein ikkje gløyme at det er mottakaren av omsorgshandlinga som må oppfatte handlinga som omsorgsfull før ein kan kalle det omsorg.

Abrahamsen (2015, s. 84) skildrar mentalisering som ein relasjonell kunnskap. Fonagy mfl. skildrar «Reading minds» som evna til å vere merksam mot eigne og andre sine mentale og kjenslemessige tilstandar (sitert i Abrahamsen, 2015, s. 21). Dei ser *Reading minds* som ei førestnad for samspel og relasjonsdanning.

## **2.4 Tilknytning i barnehagen**

Ifølge rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 33) er trygg tilknytning noko me i barnehagen skal ta ansvar for. Me har ansvar for at barna kan byggje gode relasjonar og vere tett på slik at barnet kan kjenne seg trygt til å leike, lære og utforske. Drugli (2017, s. 50) hevdar kvaliteten på tilknyttinga er spesielt viktig for dei yngste barna. Ho peikar på viktige moment som påverkar tilknytning på ein positiv måte. Dei vaksne må vere sensitive og syne positive haldningar i møte med barnet. Ein må kunne dele barnet sit fokus, vere fleksibel og tilpasse seg barnet, støtte og stimulere (Drugli, 2017, s. 53). Funna i Goosens og van IJzendoorn (sitert i Drugli, 2017, s. 53) si forskning viser til at trygg tilknytning mellom personale og barn handla i stor grad om personalet var sensitivt til stade i den frie leiken.

Moglegheit for å kunne utvikle trygg tilknytning mellom personale og barn vert redusert i store barnegrupper ifølge Ahnert, Pinquart og Lamb (sitert i Drugli, 2017, s. 54). Dei hevdar store barnegrupper vil påverke den vaksne sin mogelegheit til å oppfatte det enkelte barn sine emosjonelle behov.

Ifølge Bowlby (sitert i Abrahamsen, 2013, s. 78) er det å vere ein «trygg base» for barn å vere tilgjengelig for barnet og knyte emosjonelle band til det. Han skildrar det med å vere i beredskap for barnet, ein er der om barnet treng ein. Ein kan skildre det med at den vaksne vert ein ladestasjon for barnet.

Dei yngste barna treng ein trygg base for å kunne gå ut å utforske og leike hevdar Drugli (2017, s. 44). Ho peikar på at barn treng å få utforske og slik verte kjent med miljøet rundt seg, samtidig som dei treng omsorg og nærleik. Slik også Rye hevdar, barn treng at vaksne er meir enn *trygg base*. Den vaksne må også kunne stimulere og støtte barnet i utforsking, lære barn å setje grenser og løyse utfordringar (Rye, 2002, s. 86).

Haldande miljø inneheld ifølge Winnicott både ein fysisk og psykisk dimensjon. Askland og Sataøen (2013, s.60) viser til at eit slikt miljø skal kunne halde på barnet sitt perspektiv, møte barnet med emosjonell nærleik og setje barnet sit vel føre egne behov. Dei forklarar omgrepet som «det beste for barnet». Samspelet må vere godt nok, då med fleire gode enn dårlege opplevingar hevdar Winnicott (sitert i Askland og Sataøen, 2013, s. 60). Det er gjennom dei vaksne sin veremåte ein kan sikre at barn er ein del av eit haldande miljø ifølge Abrahamsen (2015, s. 16). Dei må møte barn med god fagkunnskap og opptre emosjonelt påliteleg.

## **2.5 Dei yngste barna sin leik**

«For små barn er leken selve livet» (Askland og Sataøen, 2013, s. 79). Vidare hevdar dei at barn utviklar seg på alle områder gjennom å vere i leik.

Løkken peika på det at dei yngste barna er ulike dei eldre barna og oss vaksne, både når det gjeld kropp, utviklingsnivå og posisjon. Dei trivest best saman med andre små kroppar, som kan gjere det same som dei sjølve hevdar ho. Vidare viser ho til småbarnsleiken, og det leikande i deira samspel. Det er her ho ser dei beste og mest varierte mogelegheitene for fellesskap mellom barna og for å utvikle relasjonar seg imellom (Løkken, 1996, s. 106). Toddleromgang handlar om å kjenne seg sjølv att i den andre på same tid som ein får stadfesta at ein er ulik den andre hevdar Løkken (2013, s. 50). Ifølge Greve lærer barn mykje av å vere saman med jamnaldrande som dei ikkje vil kunne lære av vaksne. «Ved at barn leker med

barn på samme alder og med samme sosiale posisjon vil de kunne være på samme nivå» (Greve, 2009, s. 150). Vidare viser ho til likestilt ansvar for å ta initiativ til samspel og til at samspelet utviklar seg, slik kan dei sjølv påverke og styre korleis leiken utviklar seg og fornyar seg.

Dei yngste barna sitt samfunn vert til ifølge Løkken gjennom kroppen, i samværet og i leik. «Barn installerer seg i verden med å leke. Å leke er å utfolde det lekende. Å leke er å leke med noe eller noen. Å leke er å bli lekt med av leken. Den griper fatt i oss og vi lar oss gripe» (Løkken, 1996, s. 108). Rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 20) har fokus på at barnehagen skal gi gode vilkår for vennskap, barn sin eigen kultur og leik. Leiken har eigenverdi og det er gjennom leik barn kan utvikle seg og lære ifølge både Piaget, Vygotsky og Winnicott (sitert i Alvestad, 2012, s. 36).

Ifølge Evertsen, Tveitereid, Plischewski, Hancock og Størksen (2015, s. 6) er eit læringsmiljø sett saman av dei relasjonelle, kulturelle og fysiske tilhøva rundt barna. Vidare hevdar dei at resultatet av eit godt læringsmiljø vil vere god utvikling, leik og læring, helse og trivsel hos barna.

### **2.5.1 Leikegjenstandar**

Barn møter nye objekt med utforsking, dei utforskar og oppdagar. «Leikegjenstanden må ligge i skjæringspunktet mellom kjent og ukjent» (Buytendijk, sitert i Röhle, 2013, s. 126). Röhle (2013, s. 137) hevdar leikemateriale må freiste barn, til å utforske, prøve og til å vere saman i felles aktivitet. Trageton set fokus på materiale sin moglegheit og utforsking av materiale, ifølge han er dette det som opptek dei yngste barna i størst grad. Dei sansemotoriske handlingane som å smake, lyfte, kjenne og endre er slikt dei er mest oppteken av ifølge Trageton (1995, s. 22). Løkken (1996, s. 107) viser til Skard, som peikar på at bruken av leikegjenstandar ikkje må brukast som ei erstatning for å vere saman med andre barn eller vaksne. Leikegjenstandar må ikkje hindre den sosiale kontakten mellom barna og moglegheit dei har til å utfalde seg saman hevdar Skard (sitert i Løkken, 1996, s. 107).

Thorbergsen (sitert i Martinsen, 2015, s. 4) hevdar det er faktorar som påverkar barn sin leik, som hemmer eller fremjer vilkår for leik. Ho nemner faktorar som kva leikegjenstandar eller leikemateriell barn vert tilbydd, korleis det vert presentert og plassert i leikmiljøet.

### **2.5.2 Vandring**

Torsnes har peika på funn i sitt masterarbeid (2013), funn som viser at dei yngste barna vandrar i stor grad i staden for å vere i leik, ho stiller spørsmål med kvifor dei vandrar. Ho ser

på vandringa i lys av tilgjengeleg leikemateriale, rommet si utforming og talet på barn i barnegruppa (Torsnes, 2016, s. 234). Desse faktorane påverkar leiken og vandringa, men ho finn også at vaksenrolla har innverknad på barn si vandring (2016, s. 241-242).

Miljø som er prega av stimulerande leiker, objekt og materiale vil vekke interesse og trongen til å utforske. På denne måten kan ein leggje til rette for gode læringsmiljø, både inne og ute, for dei yngste barna i barnehagen hevdar Drugli (2017, s. 69). Får dei yngste barna god støtte frå dei vaksne i leik og utforsking vil barna i liten grad vandre kvilelaust rundt og vera passive observatørar ifølge Drugli (2017, s. 171). Röhle (2013, s. 132) peikar på det same. Ho hevdar føresetnaden for at barn kan engasjere seg i leik er tryggleik. Oppfordrar den vaksne barn til å leike, utan at den sjølv bekreftar og støttar i leiken, vil resultatet ofte vere at barn vandrar rastlaust rundt. Er personalet fysisk tilgjengeleg, sit ned i leiken og byr seg som støtte vil det hjelpe dei yngste barna til å delta i leik over tid hevdar Singer m.fl. (sitert i Drugli, 2017, s. 63) Vidare ser dei at der vaksne går mykje fram og tilbake i leik vil det føre til uro i barnegruppa.

Bratterud, Sandseter og Seland peikar på funn i si forskning, funn som viser at relasjonskvaliteten varierer i barnehagane. Dei såg barn som ikkje vart sett, som vart avviste om dei prøvde å få kontakt, vart misforstått av travle vaksne og barn som vandra aleine med liten eller ingen kontakt og støtte frå dei vaksne. Ifølge Bratterud, Sandseter og Seland (2012, s. 89-90) kunne dette skuldast strukturelle faktorar, men i andre tilfelle skuldast det mangel på relasjonskompetanse og samspelslyst hos dei vaksne.

## **2.7 Kvalitet**

«Samspillet mellom vaksne og barn er kjennetegnet av at de vaksne er lyttende, omsorgsfulle og tilgjengelige» (St.meld. nr. 41, [2008-2009:8]).

Kriteriet for ein god barnehage vil vere ein barnehage som held ein høg kvalitet. Drugli (2017, s. 87) hevdar at barnehagekvalitet for dei yngste barna er synonymt med relasjonar til sensitive og stimulerande vaksne. Her kan ein dra parallell til Monica Seland sine funn i hennar doktorgradsavhandling (2009). Ho viser til talet på tilsette i det daglege arbeidet saman med barn og ho drar spesielt fram pedagogar. «Bemanningssituasjonen er avgjørende for om de ansatte har mulighet til å kunne gå inn i anerkjennende, støttende, og utfordrende samspill med barna, som igjen vil henge sammen med barns muligheter for medvirkning og læring, gjennom hele dagen» (Seland, 2009, s. 268).



«Strukturkvalitet danner viktige rammer for det som foregår i barnehagen, men er i seg selv ikke noen garanti for hvordan barna faktisk har det» (Pianta m.fl, sitert i Drugli, 2017, s. 82). Ifølge Pianta m.fl. er det kvaliteten på samspelet mellom barn og personal som vil avgjere om barn har det godt i barnehagen (Drugli, 2017, s. 82).

Ifølge forskingsrapporten *Hva betyr livet i barnehagen for barn under tre år?* (Bjørnstad og Samuelson, 2012, s. 69) har barnehagedeltakelse for dei yngste barna ein positiv effekt. Med føresetnad at barnehagen møter barna med kvalitet. «En strukturfaktor som spesielt framheves, er tilstrekkelig voksenteitet med én voksen på tre barn under to år. Små grupper med barn (6–8 per gruppe) synes å være det ideelle. Videre kreves det et rolig miljø for å ivareta en stressfri hverdag for barna» (Bjørnstad og Samuelson, 2012, s. 70).

Alvestad peikar på personalet sin kunnskap som eit viktig bidrag til kvalitet. Kunnskap om dei yngste barna si utvikling og læring er avgjerande om ein skal kunne leggje til rette for ein best mogeleg arena for læring, der ein følgjer rammeplanen ifølge Alvestad (2012, s. 13-14).

### 3. Metode

«Metode, av det greske ordet *methodos*, betyr å følge en bestemt vei mot et mål» (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 16). Vidare hevdar dei at samfunnsvitskapleg metode vil vere naturleg å nytte om ein skal forske på den sosiale verkelegheita.

#### 3.1 Val av metode

Metodane kvalitativ og kvantitativ er to metodar innanfor samfunnsvitskapen. Ei enkel beskriving av metodane kan vere at kvantitativ metode viser til tal, medan kvalitativ metode viser til ord. I denne oppgåva vil eg nytte meg av kvalitativ metode. Ifølge Postholm og Jacobsen (2016, s. 43) eignar metoden seg godt om det er eit spesielt tema ein vil sjå nærmare på. Vidare peikar dei på at det er gjennom å sjå på empirien ein finn svara.

Eg har valt eit hermeneutisk utgangspunkt for oppgåva. Ifølge Busch (2013, s. 51) betyr det at fokuset mit er å tolke det som kjem fram gjennom observasjonane mine. Vidare peikar han på at i ei slik tilnærming finn ein ingen objektiv verkelegheit, men subjektive meiningar om verkelegheita (Busch, 2013, s. 51).

Induktiv metode er ifølge Busch (2013, s. 51) å gå frå empiri til teori. Som forskar ynskjer eg å samle empiri, analysere, tolke og knytte funna opp til teori. Postholm og Jacobsen (2016, s. 40) forklarar induktiv metode med at forskaren går ut med ope sinn, møter praksis for å sjå og registrere det som skjer. Eg er sjølv ein del av barnehagefeltet og av den grunn har eg med meg ei viss før forståing i møte med praksisfeltet. Eg har i tillegg tileigna meg kunnskap og denne kunnskapen vil innverke og påverke det eg ser, observerer, tolker og analyserer. På trass av dette ynskjer eg å møte praksisfeltet med ope sinn for å sjå og registrere det som skjer.

#### 3.2 Observasjon som forskingsmetode

Eg vil nytte observasjon som metode for å samle data, empiri, til mi oppgåve. Jacobsen hevdar denne metoden vil egne seg godt når ein vil undersøke kva menneska faktisk gjer i praksis. Slik kan observasjon ta oss eit steg nærare sanninga. Han lyfter fram observasjon som ein godt eigna metode når dei personane ein ynskjer å studere og lære meir om, er personar som ikkje sjølv har eit verbalspråk (Jacobsen, 2015, s. 165). Løkken og Søbstad peikar på det

å ha eit fokus for observasjonen. Ved å setje fokus på eit bestemt fenomen vil observasjon kunne gi oss verdifull kunnskap til refleksjon og utvikling (Løkken og Søbstad, 2013, s. 40).

Det er særleg to metodar for observasjon eg ynskjer å trekke fram i mi oppgåve, samspelsobservasjon og levd observasjon.

### **3.2.1 Samspelsobservasjon**

Samspelsobservasjon kan vere ein god metode om ein ynskjer å studere samspelet mellom dei yngste i barnehagen og dei vaksne, i detalj og over tid, hevdar Abrahamsen (2004, s. 16). Ho ynskjer at observatøren skal verte rørt av det dei ser, av barnet og av samspelet barnet er i, for slik å kunne ta barneperspektivet med seg inn i det daglege arbeidet med barnehagen.

I samspelsobservasjon er observatøren si rolle skildra som «Stille gjest», men ifølge Abrahamsen (2004, s. 65) kan ein sjå det meir som ei «tom» rolle som observatøren sjølv må fülle. Ho peikar på det å finne ei rolle som er akseptabel for barna, dei vaksne og for observatøren sjølv. Det avgjerande vil vere at ein finn ei rolle der ein samstundes får skapt indre rom der dei emosjonelle læringsprosessane kan finne stad. Abrahamsen peikar på at det aldri vil vere etisk forsvarleg å avise eit barn. Ein kan vere nær og ha naturleg kontakt med barna, ein kan svare på samspel utan å invitere til vidare samspel (Abrahamsen, 2004, s. 81).

Abrahamsen hevdar måten me ser på vert styrt av både teoretisk og praktisk innsikt. Ein må stille seg open, emosjonelt og kognitivt for dei samspele ein observerer (Abrahamsen, 2004, s. 89). I samspelsobservasjon vil det å notere komme i vegen for eit «levende blikk». Det vil sei at alle notat vert nedskrivne i etterkant av sjølv observasjonen, detaljert og ikkje-tolkande (Abrahamsen, 2004, s. 31)

### **3.2.2 Levd observasjon**

Ein forskar er ifølge Løkken ein som er til stades i verda som eit kroppssubjekt og all viten vert til gjennom dette subjektet. Ho hevdar at me lærer verda å kjenne ved å vere til stades i verda som oppmerksam deltakar. Ho hevdar at forskarsubjektet alltid er medverkande i det som vert skildra (Løkken, 2012, s. 10).

Den vitenskapsteoretiske basisen for *Levd observasjon* er ifølge Løkken (2012, s. 12) persepsjonen sin fenomenologi og filosofien om relasjonen mellom den som ser og det ein ser. Løkken (2013, s. 47) skildrar fenomenologisk forståing med at ein ser etter og ynskjer å forstå kva dei kroppslege handlingane til menneske fortel oss og kva føremål som ligg bak

handlinga. «Mennesket er til stede i verden som levd kropp» (Merleau-Ponty, sitert i Løkken, 2013, s. 44).

### 3.3 Min forskingsprosess

Eg har som sagt nytta meg av observasjon for å samle empiri til oppgåva mi. Det er spesielt dei to observasjonsmetodane *samspelsobservasjon* (Abrahamsen) og *levd observasjon* (Løkken) som har lagt grunnlag for mine observasjonar.

Abrahamsen skildrar forskaren som *stille gjest*, langt på veg var det slik eg opptredde som observatør, samstundes var eg til stades i rommet med kroppen slik Løkken peikar på. Skulle eg kunne observere korleis dei yngste si stemme vart høyrte var det ikkje interessant å sjå på eige samspel med barna. Eg var nær og eg svare på barna sine samspel utan å invitere til vidare samspel. Det å skape rom for emosjonelle læringsprosessar vart viktig for meg, eg vart rørt og eg såg nye ting gjennom observasjonane.

Eg valde tre barn som eg følgde under observasjonane. Alle observasjonane vart notert i etterkant som små narrativ eller praksisforteljingar. Praksisforteljing definerer Birkeland (1998, s. 15) som ei sjølvlagga forteljing, den tar for seg ein spesifikk situasjon og skildrar denne på ein personleg og detaljert måte. Vidare peikar han på at forteljaren fortel sin historie, med engasjement, der eit mål vil vere å skape møte mellom seg og lesaren (Birkeland, 1998, s.49). Slik eg forstår dette vil praksisforteljing og narrativ vere mykje det same, ein måte å fortelje ei historie, skape eit bilete av verkelegheita, slik eg som forskar ser den.

Kvar observasjon varte i ca. 15-20 minuttar, eg observerte i om lag 4 timar fordelt over tre dagar. Det vart mange observasjonar på denne tida og desse legg grunnlag for analysen min. Eg vil presentere nokre narrativ i drøftingsdelen.

Eg ser at Abrahamsen sin metode for observasjon passar godt til det fokuset eg har i mi problemstilling, eg føler henne langt på veg med metoden *levende blick*.

Løkken sin metode *levd observasjon*, vektlegg forskarsubjektet som medproduserande i det som vert skildra. Dette synet på meg som forskarsubjekt er eg einig i. Det eg ser vert tolka i meg og i min kropp, eg er til stades i situasjonen med heile meg og slik påverkar eg det eg ser.

Løkken sin metode kan sjåast i samsvar med Abrahamsen sin metode, det som skil dei er synet på forskaren. Eg støttar meg til Løkken som ser forskaren som medskapande i situasjonen.

Eg har gjennomført observasjonane på ei 0-6 årsavdeling med 19 barn der 9 av barna er under tre år. Det er fire vaksne i personalet, to pedagogar og to fagarbeidarar.

Det var frileiken eg valde som ramme for observasjonane, tidspunktet då alle barna er på avdelinga. Eg konsentrerte meg om tida etter frukost og fram til barna vert delt i mindre grupper for samling og aktivitetar. Eg observerte også på ettermiddagen, etter fruktstund og fram til barna vert henta. Med tanke på vaktssystemet på avdelinga vil det i desse periodane oftast vere 2 eller tre personalet på jobb.

### **3.4 Ethiske perspektiv**

På førehand informerte eg styrar og personalet om oppgåva, eg presenterte problemstillinga mi og fortalte kva eg skulle sjå etter. For meg vart dette etisk rett å velja open observasjon. Eg la og vekt på dette som Jacobsen (2015, s. 166) peikar på om at det må vere frivillig om ein vil delta. Eg hadde snakka med foreldra til barna på førehand og fått underskrive samtykkeskjema. Det var også viktig for meg å formidle at fokuset med oppgåva er å kunne skape ein god barnehagekvardag for dei yngste barna i barnehagen. Ved å setje lys på korleis dei yngste barna si stemme vert høyrte vil det påverke korleis me møter dei og korleis dei kan få medverke i barnehagen. Problemstillinga er svært aktuell og interessant i kvardagen då det er mange små på avdelinga og i barnehagen generelt.

Det er fleire etiske perspektiv ein må ta høgde for når ein observerer. Det er viktig å omtale barn, vaksne og barnehagen anonymt og av den grunn har dei involverte fått fiktive namn. Eg må gjere eit ærleg forsøk på å notere det eg faktisk ser og sansar, at det som skjer i verkelegheita er tett opp til det som vert nedskrive. Det å møte den andre med anerkjenning og respekt bør vere eit mål gjennom observasjonane.

### **3.5 Validitet**

Metoden observasjon vil fortelje noko om kva menneske faktisk gjer, noko som vil fremje validiteten for det innsamla materiale.

Ifølge Homan (sitert i Jacobsen, 2015, s. 166) trur mange at skjult observasjon kan gje betre og meir truverdige observasjonar. Kjenner ein til kva observatøren skal sjå etter vil ein kunne endre åtferd og slik tilfredstille det observatøren ser etter eller opptre på ein betre måte enn det ein vanlegvis gjer. Dette vil ifølge Jacobsen (2015, s. 166) påverke observasjonen og i kor stor grad den er påliteleg. Dette er noko eg har tenkt over på førehand, men som likevel gjer at eg vel å vere open om kva eg ser etter. Problemstillinga mi lyfter fokuset på strukturen og

rammene som ligg til grunn for avdelinga. På den måten tenkjer eg at personalet handlar ut frå dei rammene og strukturane dei har til rådighet. Eg er ikkje ute etter å ta nokon eller å kritisere enkeltpersonar i personalgruppa

Løkken og Søbstad peikar på fleire feilkjelder som kan påverke observasjonen. Med feilkjelder meiner dei det som kan påverke observasjonen og slik påverke reliabiliteten. Forstyrningar og tilfeldigheit er eit døme som kan påverke negativt. Personlege forhold og erfaringar vil kunne påverke det ein ser og sansar. Den som observerer kan ha ein tendens til å oppvurdere det ein ser for ikkje å skade relasjonar mellom observatør og den som vert observert. Ikkje minst vil observatøren sin psykiske og fysiske tilstand kunne påverke det som vert observert (Løkken og Søbstad, 2013, s. 60).

Dei dagane eg observerte varierte talet på barn frå 8 til 19, dette påverkar i stor grad miljøet på avdelinga og kan sjåast som ei feilkjelde i høve problemstillinga mi. Det å kunne lytte og sjå alle barna vil verte meir krevjande til fleire barn som er samla på avdelinga. Støynivå, uro og andre stressfaktorar aukar når talet på barn i barnegruppa aukar erfaring eg. Sjukdom i personalet og bruk av vikar ser eg også som ei feilkjelde i observasjonane.

### **3.6 Analyse og min analyseprosess**

Å analysa er ifølge Christoffersen og Johannessen å dele opp noko i mindre deler. Målet med analysen vil vere å finne mening eller budskap, og slik finne mønster i datamateriale hevdar Christoffersen og Johannessen (2012, s. 39). Dei peikar på at først etter at datamateriale er analysert kan forskaren trekkje konklusjon. Det vil vere denne konklusjonen som kan svare på problemstillinga.

Observasjonane vart skrivne ned direkte etter kvar observasjonsøkt som praksisforteljingar/narrativ (sjå kap. 3.3). Seinare skreiv eg dei inn på data, på den måten fekk eg arbeida med kvar tekst i to prosessar. Eg skreiv alle personane om med fiktive namn for å gjere dei anonyme, men likevell personlege. Det er eit ynskje for meg at tekstane skal skape nærleik til det som vart observert og gje eit rettast mogeleg bilete av verkelegheita.

Allereie under observasjonane startar analysen, eg ser og det eg ser skapar mening i meg. Eg knyt det eg observerer til tidlegare kunnskap slik Løkken (2012) hevdar i *levd observasjon*. Gjennom arbeidet med teksten i etterkant kjem tankar om teori og litteratur, slik Busch (2013) skildrar som induktiv metode.

Eg har samla alle observasjonane og analysert dei. Måten eg gjorde dette på var at eg gav dei ulike kodar og sorterte dei i ulike funn som kom fram i observasjonane. Eg har brukt problemstillinga mi og leita etter svar i empirien. Slik har eg komme fram til tre funn som svarar på: Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i frileiken i ei 0-6 års avdeling? Desse funna er *På vandring*, *Under radaren* og *Eg treng deg*.

## 4. Drøfting av funn

I analysen av observasjonane var det tre funn som skilde seg ut. Eg såg problemstillinga mi i lys av observasjonane og fann tre tydelege svar som gjentok seg. Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i frileiken i ei 0-6 års avdeling? Svare eller funna skildrar eg som 1. På vandring, 2. Under radaren og 3. Eg treng deg. I denne delen av oppgåva vil eg drøfte desse funna mot teori.

### 4.1 På vandring

*Tuva, 1,2 år vandrar rundt på avdelinga, ho held ei brikke i handa og går frå det eine til det andre. Ingen snakkar med henne eller ser på henne. Ho stoppar der eg sit og ser på meg, eg sit i hennar høgd og smiler til henne. Det er mykje aktivitet og lyd inne på avdelinga.*

Tuva vandrar rundt på avdelinga, ho er ikkje i leik, brikka i handa er berre der. Eit eksempel som liknar det Torsnes (2013) såg i si forskning. Ho stiller spørsmål kvifor dei yngste barna ikkje er i leik, kvifor dei vandrar. Tuva er yngst av barna på avdelinga denne morgonen, det er 15 barn der og som sagt mykje aktivitet og lyd. Det er heller ingen vaksne som er tilgjengelege på golvet, som kan støtte Tuva i leik. Ifølge Drugli (2017, s. 171) er det å få støtte av ein vaksen i leik viktig, slik kan dei utforske og leike i staden for denne kvileause vandringa. Skal Tuva komme i leik er det ikkje nok at dei vaksne seier ho kan leike, ho treng den vaksne saman med seg, på golvet som støtte hevdar Røthle (2013, s. 132). Fokuset hennar er at barna treng å verte bekrefta av ein vaksen og barnet må kjenne seg trygt for å leike.

Torsnes (2016, s. 234) ser det påverkar dei yngste barna, kva leikemateriell dei har tilgjengeleg. Kunnskap om dei yngste barna sin leik, kva dei vert bydd av leikegjenstandar og korleis leikene er presentert vil påverke barna sin mogelegheit i leik. Buytendijk (sitert i Røthle, 2013, s. 126) hevdar dei yngste barna treng leiker som ligg i skjeringpunktet mellom det dei kjenner og det som er nytt for dei, dei vil utforske og oppdage. Ifølge Trageton (1995, s. 22) er det den sansemotoriske leiken som freistar dei yngste barna mest. Leik med materiale som stimulerer, der det å smake, forme og endre opptek barna.

Kva kunnskap har personalet om dei yngste barna sin leik og leikmateriale? På ei avdeling som har alle barna frå 0-6 år som fokus, vil det då vere rett å ha fokus på det beste for berre dei yngste på avdelinga? Det er stor skilnad på behova til barn i alderen 0-6 år, det er viktig å ha kunnskap om alle barn si utvikling og behov i barnehagen. Her ser eg det vert stor skilnad på å vere personalet i ei aldersblanda gruppe kontra ei aldersinndelt gruppe. For det fyrste har



avdelingar med aldersdelte grupper ein unik mogelegheit til å tilpasse leikmiljø og læringsmiljø som til ei kvar tid stimuler barna som er der. For det andre vil personalet i aldersdelte grupper ha ein unik mogelegheit til å tileigne seg og ha kunnskap om den aldersgruppa dei til ei kvar tid er saman med. Ifølge Drugli (2017, s. 69) vil miljøet ein byr dei yngste barna ha mykje å seie for læringsmiljøet og leiken, dei treng stimulerande leiker, objekt og materiale, eit miljø som vekker trongen og interesse til å utforske.

Thorbergsen (2012, sitert i Martinsen, 2015, s. 4) peikar på faktorar som påverkar barn sin leik. Korleis leikemateriale vert presentert og plassert i avdelinga og kva barna vert bydd av leikemateriell. På avdelinga er det mykje leiker, men det er ikkje eit leikmiljø som er tilpassa dei yngste aleine. Det er generelt mykje leiker, men mange av leikene er ikkje tilgjengelege for barna til ei kvar tid. For det fyrste kan ein stille spørsmål om leikmiljø som er stimulerande for dei yngste barna er det same som stimulerer dei eldre barna til leik? Og vil dei leikegjenstandane som er retta mot dei yngste barna stimulere barn heilt opp til skulealder? For det andre ser ein at dei yngste barna ofte øydelegg og forstyrrar dei eldre i deira leik, dei små vil ta, rive og utforske. Ikkje minst er det mykje av det dei eldre leikar med som ikkje eignar seg for dei yngste, slik som legoklossar, perler, spel og små puslespel. Dei yngste vert ofte bydd ei kasse med det som vert kalla babyleiker, leiker som rangler, bøker av stoff og ulike plastleiker som lagar lyd. Desse leikene er det lite interesse for ser eg gjennom observasjonane mine. Ofte ser eg barna er meir interesserte i plastkassen leikene skal vere i.

*Tuva, 1,2 år kjem bort til meg, kikkar og smiler. Eg sit på golvet og Tuva strekkjer seg etter ei leike som ligg i hylla bak meg. Ho lyfter og styrer med denne leika, det er ei sånn leike som lagar ulike lydar om ein trykkjer på den. Tuva slepp leika i golvet og set seg ned ved sidan av, trykkjer og ser. Ho sit i fleire minutt ved denne leika. Det kan sjå ut som ho lyttar til dei ulike lydane ho lagar når ho trykkjer. Det er ingen som snakkar med henne, verken barn eller vaksne. Ingen ser ut til å leggje merke til henne. Ho reiser seg etter ei stund og vandrar rundt i rommet, ho held ei lita leike i handa. Ho ser ikkje på leika, men kikkar rundt på det som skjer i avdelinga, småpratar litt og har mykje mimikk i ansiktet.*

Løkken (1996, s. 107) lyfter fokus på at leikgjenstandar ikkje må vere ei erstatning for samspelet med andre barn eller vaksne, ho viser til Skard som hevdar at leikgjenstandar ikkje må hindre den sosiale kontakten og mogelegheita barna har til å vere saman i leik. Med få vaksne på avdelinga vil truleg ei leikekasse ofte erstatta samspel barn-personale. Samspel krev at ein er til stades der barnet er og lyttar.

Torsnes (2016, s. 234) ser det fysiske rommet og talet på barn i barnegruppa påverkar dei yngste barna si vandring. Avdelinga er innreia med høge bord og tripp-trapp stolar, sofa, benker og høge hyller. Det er få møbler som er tilpassa dei små kroppane. Avdelinga er innreia for eit stort aldersspenn, for ei stor barnegruppe, ikkje spesielt for desse yngste barna.

Askland og Sataøen (2013, s. 79) hevdar at leik er sjølv livet for dei yngste barna. Vidare peikar dei på at barn utviklar seg på alle områder gjennom å vere i leik. Her viser dei tydeleg viktigheita av at barn leikar og er i leik. Dei hevdar leiken er livgjevande for eit barn! Kva då med Tuva og denne kvileause vandringa hennar? Eg ser lite leik hos dei yngste barna, noko som går att i mange av observasjonane. Løkken (1996, s. 108) peikar på barna sit samfunn vert til gjennom kroppen, i samvær og i leik. Ho har fokus på dei yngste barna sin kroppslege veremåte. Det er særleg den kroppslege, sosiale leiken som dominerer (Løkken 1996, s. 106). Ho hevdar desse små kroppane trivest best saman med andre små kroppar, som kan det same som dei sjølv, verdien i dette kameratskapet mellom toddlerane held ho høgt (Løkken, 2013, s. 50). Tuva er ikkje i samspel med andre barn, ho er aleine og ho vandrar. Har Tuva mogelegheit for å finne dei andre små og ta initiativ til samspel i dette mylderet av barn? Igjen kjem vaksenrolla inn, utan støtte og hjelp frå ein vaksen vil ho streve med å komme i leik og bli verande i leik. Dette samsvarar med det siste funnet til Torsnes, vaksenrolla si innverknad på vandring (2016, s. 241-242).

## **4.2 Under radaren**

*Birk, 2,8 år kjem ikkje i gang med noko, han er aleine og han vandrar. Han stoppar opp, stiller seg ved døra til grupperommet og viser tydeleg at han vil inn, Ida (fagarbeidar) opnar døra for han. Inne på rommet leikar Per, 4,8 år, eg opnar døra og set meg på golvet i opninga. Birk finn nokre kjøkkenleiker og leikar ved sida av den store guten. Dei snakkar ikkje saman, men dei er merksame på kvarandre. Det vert ein parallell leik der begge ser kvarandre utan å kommunisere noko. Guten har laga ein bilbane med eit lite golvteppe som han har lagt over nokre stolar og deler av eit lavt bord. Birk kryp under og leikar med leiker på teppet. Guten toler Birk enda eg kan sjå han øydelegg litt av bilbanen, han fortsett leiken sin og prøver å ordne teppet som har sklidd ned. Han tullar litt og prøver å kitle Birk, Birk ler og kryp under bordet. Birk kikkar bort på meg i døra ofte, han søkjer blikket mit og er smilande. Det er ingen vaksne eller barn som snakkar til han eller kikkar inn på denne tida.*

Det er to vaksne på avdelinga, den eine er oppteken med andre barn og den andre vaksne tek imot eit barn i garderoben. Ahnert, Pinguart og Lamb (2006, sitert i Drugli, 2017, s. 54)

hevdar store barnegrupper vil påverke den vaksne sin mogelegheit til å oppfatte det enkelte barn sine emosjonelle behov. Mogelegheita til å utvikle trygg tilknytning vil og verte redusert hevdar dei.

Å vere ein del av eit haldande miljø og oppleve trygg tilknytning er dei vaksne i barnehagen sit ansvar ifølge rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 33). På den måten kan barna kjenne seg trygge til å utforske, lære og utvikle seg i leik . Ifølge Drugli (2017, s. 53) vil det vere avgjerande for kvaliteten på tilknytninga at dei vaksne deler barnet sit fokus, at dei støttar og stimulerer. Dei vaksne må tilpasse seg barnet. Me ser at Birk er aleine, ingen vaksne ser, lyttar eller støttar i leiken. I dette tilfelle var det konfliktfritt mellom barna, noko ein ikkje har garanti for. Ofte ser me dei større barna vert sinte og frustrerte når dei små øydelegg eller forstyrrar i leiken. Eg ser ingen samspel mellom barna før det har gått ei tid, men Birk oppnår samspel med Per i det Per startar å tulle og kitle han. Det er stor skilnad i alder på Birk og Per, både språkleg, motorisk og kognitiv er dei på ulike nivå. «Ved at barn leker med barn på samme alder og med samme sosiale posisjon vil de kunne være på samme nivå» (Greve, 2009, s. 150). Ho viser til likestilt ansvar for å ta initiativ til samspel og til at samspelet utviklar seg. Greve hevdar barna slik kan påverke og styre leiken si utvikling. Verdien av å vere saman med nokon som liknar på seg viser seg å vere ekstra stor for dei yngste barna i barnehagen. Forskinga til Abrahamsen, Løkken, Sommer og Greve lyftar verdien av å vere saman med jamaldrande, «toddleromgang» som Løkken (2013, s. 50) skildrar dette samspelet.

Trygg tilknytning mellom personale og barn handla i stor grad om personalet var sensitivt til stades i den frie leiken ifølge forskinga til Goosens og van IJzendoorn (1990, sitert i Drugli, 2017, s. 53). Funnet *Under radaren* viser til fleire observasjonar der vaksne ikkje er sensitivt til stades i den frie leiken. Dei er ikkje der barna er, dei ser ikkje og kan heller ikkje lytte til den non-verbale kommunikasjonen til dei yngste barna, barna er aleine. For det fyrste er det få vaksne til stades på avdelinga, stort alderspenn som medfører barn med ulike behov, mange oppgåver som må utførast, både knytt til barn og til praktisk arbeide. For det andre opplever eg det som vanskeleg for personalet å kunne støtte alle barna og vere sensitivt til stades for alle på ei og same tid. Dette vert ekstra tydeleg i avdeling der barna krev så ulikt, ein er saman med barn som ikkje kan gå på same golv som dei barna som snart skal på skulen.

Å vere til stades på golvet eller der barna er vil ifølge Drugli (2017, s. 167) vere ein måte ein utviklar gode relasjonar mellom barn og personale. Føresetnaden er at personalet er merksam til stades saman med barna. I dei periodane av dagen eg har observert er det få vaksne på avdelinga. Den frieleiken eg valde som fokusområde er i hovudsak tida før og etter det me

kallar kjernetid. Kjernetida er tida då barna vert delt i jamaldergrupper, pedagogisk arbeidet med planlagde aktivitetar og leik står i fokus og det er i denne tida det er flest vaksne på avdelinga.

*..Tuva, 1,2 år vandrar rundt i grupperommet med boka ei heil stund før ho går bort til veggen og set seg. Her vert ho sitjande i 5 minutt, stadig oppteken med boka. Det er ingen som ser inn til henne eller snakkar med henne på denne tida, ho er aleine. Eg sit i døropninga og ser, ho veit eg er der, eg har bekrefta henne med blikk, smil og kroppsspråk.*

Drugli (2017, s. 87) hevdar at barnehagekvalitet for dei yngste barna er synonymt med relasjonar til sensitive og stimulerande vaksne, noko også Monica Seland finn i si doktorgradsavhandling (2009). Ho ser bemanningssituasjonen som ein klar føresetnad for kvalitet. «Bemanningssituasjonen er avgjørende for om de ansatte har mulighet til å kunne gå inn i anerkjennende, støttende, og utfordrende samspill med barna, som igjen vil henge sammen med barns muligheter for medvirkning og læring, gjennom hele dagen» (Seland, 2009, s. 268).

Bakke (2013, s. 244) hevdar den merksame vaksne høyrer at dei yngste barna seier mykje, sjølv utan ord. Det krev at dei vaksne kan vere der barna er, merksamt til stades for barnet. Ingen vaksne ser eller høyrer Tuva som er inne på grupperommet, berre eg som observatør. Eg ser mykje non-verbal kommunikasjon under observasjonane mine, dei fortel mykje desse små kroppane, dei har få ord, men dei kommuniserer mykje. Det gjer noko med ein å sjå at ingen høyrer eller ser det dei fortel. Å observere gjer at ein kjem tett på og det eg ser når eg observerer gjer noko med meg, det rører meg. Barnehagen står i eit sosiokulturelt læringssyn, det vil sei at barna skal få mogelegheit til å verte kjent med verda gjennom aktiv utforsking, i samspel med menneske og omgivnaden (Sälsjö (2016, s. 112). Åberg (2006, s. 96) lyftar fokuset på at vaksne må trene opp høyresterken sin. Ved å lytte til det barna fortel kan me forstå, slik legg me føresetnad for medverking, omsorg og eit haldande miljø for barnet.

### **4.3 Eg treng deg**

*Brit, 1,3 år tar Nina (pedagog) i fingeren og dei går bort til vindauget. Nina set seg på kne og saman kikkar dei ut på snøen. Nina småpratar med Brit. Brit er tett på og kikkar på ansiktet til Nina, dei smiler til kvarandre. Det er tydeleg at Nina er tilgjengeleg for Brit og slik vert dei ståande ei lita stund.*

Som tidlegare sagt er det å verte høyrte, sett, vere i samspel og kommunikasjon avgjerande for barn si utvikling. Ifølge Levinas (sitert i Johannesen, 2012, s. 91) vil det å lytte og møte den andre sine uttrykk vere næringsgivande til sjølve livet, ei plikt, men og kjelde til mykje rikdom. Stern (sitert i Haugen, 2013, s. 52) hevdar det er på den måten ein utviklar sjølv og vert den ein er. Her ser me Brit tar kontakt med Nina, dei er tett på og nære. I dette funnet er det hovudvekt av observasjonar der barnet tek initiativ til kontakten. Eg observerer fine og varme møter mellom personale og dei yngste barna når denne kontakten oppstår. Drugli (2017, s. 143) hevdar at for dei yngste barna er samspelet med personalet det viktigaste momentet for at dei skal ha det bra i barnehagen. Vidare peikar ho på ein viktig føresetnad for å utvikle gode relasjonar, det at personalet er der barna er, på golvet, ved bordet, i sandkassen, merksamt til stades i samspel (2017, s. 167). I følgje Bae må barnet få medverke i samspelet, ein må møte barnet med anerkjenning og vere nær, berre slik kan barnet utvikle positiv forståing av kven det er og kva verdi det har (Bae, 2016).

For det fyrste møter Nina Brit med omsorg, ei viktig oppgåve og plikt for personalet i barnehagen som er nedfelt i Barnehageloven, §1 og utdjupa i rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19). Omsorgsomgrepet og gode relasjonar har mykje til felles ifølge Drugli (2017, s. 145). Gode relasjonar er viktig og det som betyr mest for barn si helse og utvikling hevdar Rutter (sitert i Drugli, 2017, s. 147). Ein viktig relasjonell kunnskap er ifølge Abrahamsen (2015, s. 84) mentalisering. For det andre lyttar og «les» Nina Brit i dette møtet ved vindauget. Mentalisering eller *reading minds* er i føresetnad for samspel og relasjonsdanning hevdar Fonagy mfl. (sitert i Abrahamsen, 2015, s. 21). Det er barnet som tar initiativet til kontakt, Nina vert tilgjengeleg for Brit og det er Brit som får leggje føringane for samspelet.

«Samspill mellom personale og barn som er preget av både god organisering, nærhet, omsorg og varme, og stimulering, mestring og læring er per definisjon barnehagekvalitet for de yngste barna» (Pianta, Downer og Hamre, sitert i Drugli, 2017, s. 143). Vaksenrolla er som me ser avgjerande for kvaliteten i barnehagen og kvaliteten for det enkelte barn sin barnehagekvardag. Evertsen, Tveitereid, Plischewski, Hancock og Størksen (2015, s. 6) har fokus på læringsmiljø, ifølge dei er eit læringsmiljø sett saman av dei relasjonelle, kulturelle og fysiske tilhøva rundt barna. Vidare hevdar dei at resultatet av eit godt læringsmiljø vil vere god utvikling, lek og læring, helse og trivsel hos barna. Med andre ord å la *det beste for barnet* vere ei rettesnor i arbeidet med barna, noko som er grunnfesta i Grunnlova §104 og FN sin barnekonvensjon art. 3, nr. 1. (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 8). Som me ser i teorien er

vaksenrolla avgjerande for om barnet vert møtt og lytta til. Er dei vaksne tilgjengelege der barna er oppstår det samspel, barna tar kontakt og kommuniserer. For det fyrste er det då avgjerande at dei vaksne er medvitne om dette, for det andre er det avgjerande at det vert praktisert. I følgje Stern (sitert i Abrahamsen, 2015, s. 22) kan desse samspela mellom barn og vaksne medføre augeblink som forandrar, både i positiv og negativ retning.

*Brit, 1,3 år strekkjer armane opp langs føtene til Ida (fagarbeidar) og tar tak i buksa hennar. Ida ser på henne og seier nei, ho forklarar at ho har vondt i nakken. Brit set seg tungt ned på golvet og grin, tårene spreitt. Ho er tydeleg i kroppsspråket sit, dette var ikkje greitt. Ida ler og lyfter Brit opp, held ho tett og varmt. Brit smiler og viser med heile seg at dette var det ho hadde lyst til. Dei går til sofaen og Ida set seg ned saman med Brit. Tuva, 1,2 år kjem gåande mot sofaen og vil opp ho og, jentene klyv og kavar i setet ved sidan av Ida. Ho ser dei og passsar på så dei ikkje dett på golvet.*

Ida har stiv nakke og tydeleg vondt, men tar likevel Brit sin kommunikasjon og reaksjon til følgje. Brit tar kontakt og opplever at Ida lyttar og møter henne med anerkjenning, forståing og varme. Ei god oppleving for Brit, og eit døme på slik ein ynskjer å verte møtt om ein er stor eller liten, både heime og ute, slik kan ein kjenne seg trygg og verdifull. Bae (2016) peikar på at slik kan barn utvikle positiv forståing av kven det er og kva verdi det har. Kontakten mellom personalet og barna er fin og varm når den oppstår, men det er barnet som tek initiativ i dei fleste tilfella.

Ida vert ein *trygg base* for Brit, ho vert tilgjengeleg og har knytt emosjonelle band til barnet frå før. Brit kan *lade* i armane til Ida og slik finne energi til vidare leik og utforsking. Det går ikkje lenge før ho er i kroppslig leik saman med Tuva i sofaen. Ifølgje Drugli (2017, s. 44) treng barn å få utforske og verte kjent med miljøet rundt seg på same tid som dei treng omsorg og nærleik. Personalet må møte barn med god fagkunnskap og opptre emosjonelt påliteleg hevdar Abrahamsen (2015, s. 16), på den måten kan barna oppleve å vere ein del av eit haldande miljø. Ida sit møte med Brit kan ein sjå som døme på dette. I følgje Alvestad vil kunnskap om dei yngste barna si utvikling og læring vere avgjerande om ein skal kunne leggje til rette for ein best mogeleg arena for læring, der ein føl rammeplanen (Alvestad, 2012, s. 13-14).

Kunnskap har mykje å seie for korleis me tenkjer og praktiserer. På den eine sida vil det vere avgjerande å møte dei yngste barna med kunnskap, på den andre sida vil det avgjerande vera at personalet brukar den kunnskapen og set den ut i praksis. Å vere ein del av eit miljø der

teori og praksis heng saman i dagleg arbeidet vil skape ein god barnehagekvardag for dei yngste. Det er kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling som skal leggje føringar for planlegginga, både for det enkelte barnet og for barnegruppa (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 37). Det gjeld også dei yngste barna, skal dei oppleve å verte høyrte og medverke i sin barnehagekvardag då må me møte dei med kunnskap.

## 5. Avslutning og konklusjon

Eg innleia bacheloroppgåva med presentasjon og avgrensing av problemstillinga mi. Vidare presenterte eg relevant teori, teori eg fann på bakgrunn av det eg såg under observasjonane. Med andre ord nytta eg induktiv metode som ifølge Busch (2013, s. 51) er å gå frå empiri til teori. Metodekapittelet tar for seg metoden observasjon, eg seier noko om kva observasjonsmetode eg har nytta i arbeidet og korleis eg gjekk fram i arbeidet med å samle empiri. Til slutt presenterer eg funn som svarar på problemstillinga. Eg finn tre tydeleg funn som eg presenterer gjennom bruk av små narrativ. Eg drøftar ulike narrativ mot teori og på den måten finn eg svar på problemstillinga mi.

Arbeidet med denne oppgåva har vore spennande, strevsam og interessant. Tema og problemstilling er eit subjektivt val som spring ut av eige engasjement og interesse. Problemstillinga mi: Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i frileiken i ei 0-6 års avdeling, er ei problemstilling som speglar mykje av meg som barnehagelærer. Eg ynskjer å møte barn på ein best mogeleg måte, gjennom å lytte, vere nær og anerkjenne barna. Barn har rett på ein best mogeleg start i livet og åra i barnehagen legg eit viktig grunnlag i barn sit liv. Då er det avgjerande at eg som barnehagelærer og barnehagen som organisasjon møter alle barn, og dei yngste barna med kvalitet. God og oppdatert kunnskap om dei yngste barna er avgjerande i barnehagen då andelen av dei yngste barna i barnehagen aldri har vore større enn den er i dag.

I analysearbeidet finn eg tre tydelege funn, *På vandring*, *Under radaren* og *Eg treng deg*. To av funna viser at dei yngste barna si stemme ikkje vert høyrte og lytta til. Dei yngste barna går under radaren, dei vandrar, dei er i liten grad i leik og det er lite samspel å sjå både mellom barn-barn og barn- personale. Det er få vaksne til stades på avdelinga i desse periodane, dei som er der er opptekne og ikkje til stades i sensitivt samspel på golvet der barna er i. Det er mange behov og barn som skal støttast og lyttast til på ein gong. Fokuset på dei yngste barna kan ikkje dominere aleine, barnegruppa vert sett som ei eining der alle barna må fungere best mogeleg.

Det siste funnet *Eg treng deg* viser at barna sjølv tek initiativ til samspel. Dei vaksne er ikkje tilgjengelege der barnet er, men barnet tek kontakt og vert høyrte. Narrativa skildrar barn som vert møtt, høyrte og anerkjent av personalet på ein fin og god måte. Det er slik ein ynskjer å møte dei yngste barna, det er slik dei har rett på å verte møtt, i nære relasjonar til vaksne. Skal dette kunne skje, krev det at den vaksne er der, lyttar og er til stades for barnet, ein byr dei



Yngste barna eit haldande miljø der dei får utvikle seg og lære i leik og utforsking. Observasjonane som legg grunnlaget for funnet *Eg treng deg* viser tydeleg at barna ynskjer å nytte dei vaksne som samspelepartnerar, dei treng den vaksne som ladestasjon, men det er barna sjølv som må ta initiativ til kontakt. Dette funnet samanfeller med dei andre funna i oppgåva. I perioden der eg observerer, i frileiken, er dei vaksne travle og opptekne. Dei er få og har ikkje kapasitet og mogelegheit til å vere til stades der barna er til ei kvar tid. Er det ikkje vaksne til stades saman med dei yngste barna der dei er kan ein vanskeleg lytte og høyre deira stemme.

Konklusjonen av desse funna er at frileiken på ei 0-6 års avdeling ikkje er ei ramme der dei yngste barna i barnehagen vert høyrte og møtte i den grad dei har rett på. Rammene legg ikkje til rette for at dei yngste barna kan vere ein del av eit haldande miljø saman med sensitive, nære vaksne. Eg ser mine funn samanfelle mykje godt med funna til Bratterud, Sandseter og Seland (2012, s. 89-90).

Som tidlegare sagt ser eg Sommer sit barnesyn som ei bru mellom Løkken og Abrahamsen sine teoriar om dei yngste barna. Det vert bakgrunn for mit barnesyn, eit barnesyn som seier at barn både er kompetente, kroppslege, aktivt utforskande på same tid som dei er avhengig av vaksne som ser dei og støttar dei i nære relasjonar der trygg tilknytning vil danne base for vidare utvikling.

## Kjeldeliste

- Abrahamsen, G. (2004). *Et levende blikk. Samspillobservasjon som metode for læring*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Abrahamsen, G. (2013). En god start i barnehagen –toleranse for avskjed i tårer og tid til det nødvendige. I M. Røthle (Red.), *Småbarnspedagogikk, fenomenologiske og estetiske tilnærminger* (2. utg., s. 69-83). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Abrahamsen, G. (2015) *Tilknytningsbaserte barnehager*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Alvestad, T. (2012). *Små barns forhandlinger i lek*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Askland, L. & Sataøen, S. V. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bae, B. (2006). Perspektiver på barns medvirkning i barnehage. I B. Bae, B.J. Eide, N. Winger & A.E. Kristoffersen (red.), *Temahefte om barns medvirkning* (s. 6-26). Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Bae, B. (2016). *Å se barn som subjekt - noen konsekvenser for pedagogisk arbeid i barnehage*. Oslo: Kunnskapsdepartementet. Hentet frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/artikler/a-se-barn-som-subjekt---noen-konsekvenser/id440489/>
- Bakke, K. (2013). Å vente på vanndråper. I M. Røthle (Red.), *Småbarnspedagogikk, fenomenologiske og estetiske tilnærminger* (2. utg., s. 238-252). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Birkeland, L. (1998). *Pedagogiske erobringer –om praksisfortellinger og vurdering i barnehagen*. Oslo: Pedagogisk forum.
- Bjørnstad, E. & Samuelsson, I.P. (red.) (2012) *Hva betyr livet i barnehagen for barn under tre år? En forskningsoversikt*. Rapport 9/2012. Oslo: Høgskolen i Oslo og Akershus. Hentet frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/rapporter20og20planer/forskningsoversikt\\_barn\\_under\\_tre\\_aar.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/rapporter20og20planer/forskningsoversikt_barn_under_tre_aar.pdf)
- Bratterud, Å., Sandseter, E.B.H. & Seland, M. (2012). *Barns trivsel og medvirkning i barnehagen*. Rapport 21/2012 Skriftserien fra barnevernests utviklingscenter i Midt-Norge. Hentet frå <https://www.ntnu.no/documents/10293/e209a87f-58a4-4fb5-8be6-9b3d5f458462>
- Busch, T. (2013). *Akademisk skriving for bachelor- og masterstudenter*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Christoffersen, L. & Johannesen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Dalland, O. (2010). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Drugli, M. B. (2017) *Liten i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm AS.

- Evertsen, C., et al. (2015). *På leit etter læringsmiljøet i barnehagen - en synteserapport fra Læringsmiljøsentret*. Stavanger, Norsk senter for læringsmiljø og atferdsforskning. Henta frå [https://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/13233218/L%C3%A6ringsmilj%C3%B8senteret/Pdf/Barnehage/Rapport\\_Pa%20leit%20etter%20laringsmiljoet.pdf](https://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/13233218/L%C3%A6ringsmilj%C3%B8senteret/Pdf/Barnehage/Rapport_Pa%20leit%20etter%20laringsmiljoet.pdf)
- Greve, A. (2009). *Vennskap mellom små barn i barnehagen*. Oslo: Pedagogisk Forum.
- Greve, A., Jansen, T. T. & Solheim, M. (2014). *Kritisk og begeistret. Barnehagelærernes fagpolitiske historie*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Haugen, S. (2013). Barnehagen – arena for små barns opplevelse av mestring og glede over livet. I M. Røthle (Red.), *Småbarnspedagogikk, fenomenologiske og estetiske tilnærminger* (2. utg., s. 13-25). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Johannesen, N. (2012). Å se det unike i små barns uttrykk: Med Levinas som linse. I. B. Bae (Red.), *Medvirkning i barnehagen. Potensialer i det uforutsette* (s. 79-97). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Kunnskapsdepartementet. (2005). *Lov om barnehager*. Hentet frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Løkken, G. (1996). *Når små barn møtes*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag AS.
- Løkken, G. (2012). *Levd observasjon. En vitenskapsteoretisk kommentar til observasjon som forskningsmetode*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Løkken, G. (2013). Toddleren som kroppssubjekt. I M. Røthle (Red.), *Småbarnspedagogikk, fenomenologiske og estetiske tilnærminger* (2. utg., s. 31-44). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Løkken, G. (2013). Bevegelse er meningen. I T. Moser (Red.), *Barnas barnehage 3: Kroppslighet i barnehagen, pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse*. (2. utg., 43-52). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Løkken, G. & Søbstad, F. (2013) *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Martinsen, M. T. (2015). *Structural conditions for children's play in kindergarten*. Tidsskrift for Nordisk barnehageforskning(10). Hentet frå <https://journals.hioa.no/index.php/nbf/article/view/1426/1273>
- Meld. St. 24 (2012-2013). *Framtidens barnehage*. Oslo:Kunnskapsdepartementet. Hentet frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-24-20122013/id720200/sec1>
- Moser, T. (2010). Syn på læring i barnehageloven og rammeplanen. I Ø. Kvello (Red.), *Barnas barnehage 1, målsettinger, føringer og rammer for barnehagen*. (s.82 -100). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Postholm, M.B. & Jacobsen, D.I. (2016). *Læreren med forskerblick: Innføring I vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Rye, H. (2002). *Tidlig hjelp til bedre samspill*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

- Röthle, M. (2013). Møtet med de lekende barna. I M. Röthle (Red.), *Småbarnspedagogikk, fenomenologiske og estetiske tilnærminger* (2. utg., s. 121-139). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Sälsjö, R. (2016) *Læring –en introduksjon til perspektiver og metaforer*. Oslo: CAPPELEN DAMM AS.
- Seland, M. (2009). *Det moderne barn og den fleksible barnehagen. En etnografisk studie av barnehagens hverdagsliv i lys av nyere diskurser og kommunal virkelighet*. Doktoravhandling. Trondheim: NTNU. Hentet frå [https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/268972/287722\\_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/268972/287722_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Sommer, D. (2014). *Barndomspesykologi, små barn i en ny tid*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- St.meld. nr. 41 (2008-2009). *Kvalitet i barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet. Hentet frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok7regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-/12/4.html?id=563963>
- Tholin, K. R. (2013). *Omsorg i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Torsnes, E. (2013). Rom for de yngste – En microetnografisk undersøkelse om de yngste barnas bruk av det fysiske miljøet i en barnehage. Masteroppgave. Oslo: Høgskulen i Oslo. Hentet frå: <https://core.ac.uk/download/pdf/35074181.pdf>
- Torsnes, E. (2016). De yngste barnas vandring –med blick på det fysiske miljøet. I N. Winger (Red.), *Blick fra barnehagen* (s. 231-245). Bergen: Vigmostad & Bjørke AS.
- Trageton, A. (1995). *Leik med materiale. Konstruksjonsleik 1-7 år*. Stord: Høgskolen Stord/Haugesund
- Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhald og oppgåver*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Vassenden, A., Thygesen, J., Bayer, S.B., Alvestad, M. & Abrahamsen, G. (2011). *Barnehagens organisering og strukturelle faktorerers betydning for kvalitet*. Rapport IRIS-2011/029. Hentet frå [https://www.udir.no/Upload/barnehage/Forskning\\_og\\_statistikk/Rapporter/Strukturelle\\_faktorers\\_betydning\\_for\\_kvalitet.pdf](https://www.udir.no/Upload/barnehage/Forskning_og_statistikk/Rapporter/Strukturelle_faktorers_betydning_for_kvalitet.pdf)
- Åberg, A. & Taguchi, H.L. (2006). *Lyttende pedagogikk. Etikk og demokrati i pedagogisk arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

## Vedlegg

### Vedlegg 1. Samtykkeskjema til foreldre

## Forespørsel om deltaking i forskingsprosjektet

### *”Dei yngste barna si stemme”*

#### **Bakgrunn og formål:**

Eg er student ved barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og våren 2018 skal eg skrive bacheloroppgåve. Arbeidstittelen min på oppgåva mi er «Dei yngste barna si stemme»

Eg ynskjer av den grunn å observera barna på ..... i samspel med dei vaksne. Det eg ynskjer å sjå på er korleis dei yngste barna vert møtt og høyrte i frileiken.

Mi problemstilling er: Korleis vert dei yngste barna si stemme høyrte i ei 0-6 års avdeling i frileiken?

#### **Hva innebærer deltakelse i studien?**

Eg ber om Dykkar samtykke til å få vera observatør i barnegruppa der de har barna Dykkar. Materialet eg får ut av dette vil vera nedskrevne observasjonar som eg vil bearbeida, analysera og fortolka. I analysen av observasjonane vil alle personar som er involvert anonymiserast. I tillegg vil eventuelle gjenkjennelege opplysningar som vil kunne identifisera barnehage, faktiske barn eller vaksne, verte utelatt frå materialet. Dataene vil bli makulert etter at oppgåva er ferdig våren 2018.

Det er frivillig å sei ja til å delta i forskinga på vegne av barna dykkar. De kan når som helst reservera barnet dykkar utan å grunngje dette.

Samtykkeskjema vert oppbevart i barnehagen sitt arkiv.

Spørsmål kan rettast direkte til meg/oss på telefon 95758176 eller mail: [vigdis.kippersund@haugnett.no](mailto:vigdis.kippersund@haugnett.no).

Med vennleg helsing Vigdis Kippersund

## **Samtykke til deltakelse i studien**

Eg/me har mottatt informasjon om studien, og er villig til at barnet mitt blir observert under frileiken, inne på avdelinga ..... Det vil verte 4-5 observasjonar, truleg over to dagar.

---

(Dato og signatur føresatte)

## **Vedlegg 2. Samtykkeskjema til Styrar og barnehagen**

### Informasjonsskriv til barnehagen og forespørsel om deltakelse som informanter i observasjon til bruk i bacheloroppgave:

Jeg heter Vigdis Kippersund og studerer ved barnehagelærerlinjen på HVL avdeling Stord.

Våren 2018 skal jeg skrive bacheloroppgave. I arbeidet med denne oppgaven ønsker jeg å gjøre undersøkelser og samle data som jeg kan bruke inn i bacheloroppgaven min. Funnene jeg gjør vil bli drøftet opp mot teori.

Oppgaven vil bli basert på en kvalitativ undersøkelse. Dermed trenger jeg å komme inn på en avdeling å observere. Jeg skal observere tre av de yngste barna på en avdeling og samspillet med de voksne. Jeg har snakket med personalet på avdelingen ..... og de har samtykket. Jeg vil observere frileken og tenker å bruke fridagene mine på å gjennomføre observasjonene. Slik jeg ser det nå tenker jeg det vil være snakk om fire- fem observasjoner. Jeg vil benytte metoden deltagende observasjon. Jeg vil levere ut samtykkeskjema til de foreldrene det gjelder. Jeg vil prøve å nedskrive det som skjer mest mulig nøyaktighet, transkribere dette i etterkant, for så å bruke dette i analyse drøfting. Observasjonsnotatene vil behandles konfidensielt og både barnehagen og informantene vil bli anonymisert under transkriberingen. Opplysninger som kan avdekke identiteten til barnehagen, ansatte, barn eller foreldre vil bli utelatt. Notatene vil bli makulert når oppgaven er levert inn, senest 15. juni 2018.

Før jeg gjør disse observasjonene ønsker jeg at informanten skriver under på vedlagt samtykkeskjema. Dette kan oppbevares i barnehagen.

Tittelen på oppgaven min er: De yngste barna sin stemme

Problemstillingen for oppgaven min er: Hvordan blir de yngste barna sin stemme hørt i en 0-6 års avdeling i frileken?

Dersom dere har mulighet til og ønske om å være med på denne studien så kan dere kontakte meg på epost: vigdis.kippersund@haugnett.no. eller telefon: 95758176. Jeg ønsker snarest

mulig svar, og har behov for å komme i gang med intervju fortløpende. Det er fint dersom det blir gitt svar på om dere kan eller vil delta innen 15.02.2018

Ta gjerne kontakt med meg eller veileder ved spørsmål. Veilederen min på denne oppgaven er Sissel J. Aastvedt Halland. E-posten hennes er: [sissel.halland@hvl.no](mailto:sissel.halland@hvl.no)

## **Samtykke til deltakelse i studien**

Jeg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta i denne studien

---

(Dato og signatur informant)